



## Notat

Dato: 17.03.2016  
Arkivsak: 2016/3379-1  
Saksbehandlar: oydzien

---

<b>Til:</b>	Utval for opplæring og helse Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Motorlaboratorium - Rubbestadnes vidaregåande skule

Rubbestadnes vidaregåande skule har i samarbeid med lokalt næringsliv på Bømlo teke initiativ til å fornye skulen sitt motorlaboratorium. Styringsgruppa for prosjektet *Realistisk trening i fullskal maskinrom* består av Wårtsila, Eidesvik og Rubbestadnes vgs.

Føremålet med prosjektet er å fornye skulen sitt motorlaboratorium. Utstyret skulen har i dag, er frå 70-talet og held dårleg mål. Moderne motormannopplæring krev maskinrom der det er mogleg å gje realistisk trening, blant anna gjennom å kjøre, teste, vedlikehalde og måle motorar. I prosjektet som er planlagt, vil det også kunne vere mogleg å teste ut nye, miljøvenlege teknologiar i ekte maskinmiljø. Nye maskiner vil ha ei levetid på om lag 20 -30 år, mens styringssystema vil måtte graderast opp oftare.

Fylkesrådmannen gjorde greie for prosjektet i eit notat til fylkesutvalet i juni 2014 (2014/14933-47) på bakgrunn av ein interpellasjon. I notatet blei det blant anna vist til at prosjektet hadde ei kostnadsramme på om lag 15 mill. kroner, og at 50 % skulle kome frå lokalt næringsliv, og 1 mill. frå Bømlo kommune. Det som fyrst og fremst mangla, var midlar til bygningsmessige tilpassingar som måtte gjerast for å realisere prosjektet. Fylkesrådmannen var positiv til tiltaket, men viste til at det måtte tilpassast vedtekne planar og evna skulen har til å skaffe medfinansiering.

I desember 2014 vedtok fylkestinget i sak 75/2014 at : «*Motorrom Bømlo. Fornyelse av motorrom ved Rubbestadneset gjennomføres i løpet av 2015 med bruk av midler frå investeringsbudsjettet ramme for mindre ombygginger/påbygg.*» Arbeidet blei derfor starta opp med eit forprosjekt i 2015. Rapporten frå forprosjektet låg føre i desember 2015. Kostnadsramma for prosjektet var no komen opp i 23 mill. ekskl. moms. Det er så langt sett av 3 mill. til ombyggingar, og i møte med styret i februar 2016 kom det fram at lokalt næringsliv kunne bidra med om lag 5 - 6 mill. Det manglar likevel om lag 15 -17 mill. på at prosjektet er fullfinansiert.

Fylkesrådmannen ser at det er eit behov for fornying av utstyret ved motormannopplæringa, og vil kome tilbake til dette når det er fatta vedtak i saka om rullering av skulebruksplanen.